



Nilsen på veggen i Gamleskulen

Leiinga for Festidalen har god kontroll, forsikra Bjørn Olav Tveit under eit møte i Gamleskulen onsdag kveld. Han berømme dei bookingansvarlege sterkt men kunne ikkje opplysa om fleire engasjerte artistar enn dei 3 banda som er gjort kjent - John Olav Nilsen og gjengen, Mikhael Paskalev og Andre Holstad.

Imidlertid varsla han at det ikkje vil gå lenge før artistpakka er klår. Målsettjinga er å få 4 band på scena på Dønhaug kvar av dei 2 dagane

Han svara negativt då uskedalen.no spurde om han hadde ein kanonbra artist og ein lokal artist som han kunne trekkja opp av hatten her og no. Tveit meinte at Olsen r eit av dei beste rockebanda i landet for tida

Han varsla imidlertid at det kjem 'ein veldig bra artist' til Dønhaug på laurdagen og heldt fram at Festidalen har svært høg kompetanse på bookingsida. Det kjem ikkje mnst av at dei tidlegare bookingansvarlege har vorte med inn i den nye organisasjonen.

Magne Huglen, som har lang kompetanse med omsyn til booking, streka under at det er viktig å tilfredsstilla også dei over 50. Han håpa at den artistpakka som det står att å henta inn vil gjera det. Her viste han til Åge Aleksandersen, som runda av den siste konserten sist.

Thor Inge Døssland var einig og gjekk også inn for engasjement av ein lokal artist.

Tveit varsla at fredagens konsert får ein ungdomsprofil medan laurdagskonserten blir meir familievennleg. Det blir truleg også ein konsert nede i bygda på laurdag.

Kultursjef Kristian Bringedal berømmer Festidalen-leiinga sterkt for god og grundig planleggjing, så god at den fortener ordet einestående..

Det blir kalkulert med 1000 publikummarar om dagen og dei skal dirigerast opp dalen og til Dønhaug ovanfor gardsbarnehagen.

Av Ola Matti Mathisen